

**Sakshandsamar:**

Geir Afdal  
E-post: Geir.Afdal@sfj.no  
Tlf.:

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/9614-4  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

14891/18

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 05.04.2018

**Møtereferat****Referent:** Geir Afdal

Deltakarar: Jørgen Drage, Ola Drage, Jan Tore Rosenlund, Jan Ove Gjermundstad, Geir Afdal, Eilert Årseth og Hallvar Akselsen

## **Teknisk fagskule Førde, synfaring/overlevering i samband med oppseiing leigeavtale 04.04.2018**

Dette er synfaring/møte nr 2 i samband med at fylkeskommunen flytter ut av lokala til Teknisk Fagskule i Førde, der dei har halde til i 34 år. Første synfaring var halde 12.02.2018.

Lokala var klar til overlevering, ferdig utflytta og reingjorde.

Fylgjande merknader vart notert:

1. Nokre rom har merker/skadar i golvbelegg etter møblar/innreiing som har stått på same stad over mange år.
2. Nokre rom har skader i himlingsplater etter at brukarar av fagskulen har dunka/slege lengre gjenstandar oppi desse.
3. Dataskap står att i arkivrom 2. etg. Har fått løyve hjå utleigar til å stå inntil vidare, då skapet er knutepunkt for fiberkabel.
4. Det var ikkje tilfredsstillande utvaska/reingjort i tilfluktsrom og to verkstadhallar.
5. Det var nokre skadar og stor slitasje på målinga på golvet i verkstadhall der det td. har stått dreie- og fresemaskinar.
6. Noko av fagskulen sitt utstyr står att utanfor bygget under halvtak, men vil verta fjerna i løpet av veke 14.
7. Nøklar vart overleverte til utleigar. Det manglar ein nøkkel som tidlegare rektor har hjå seg. Ein vil så snart som mogleg få den tilbakelevert.

Lokala vart med dette overtekne av utleigar.

I møte etter synfaringa vart det avklara ei godtgjersle for skadar på golvbelegg og himling i nokre av romma i bygget, manglande utvask i nokre rom i kjellaretasjen, målingsskade på golv i verkstadhall (jf pkt 1-7 over) og kompensasjon for leigetid 01.04 til 04.04 til samla kr 75 000,-.

Partane takka av eit langt og godt leigetilhøve og samarbeid.

Mottakar (ar)

Deltakarane

Kopi til: Rektor fagskulen i Sogn og Fjordane Reidar Grønli